



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
060/24	Formannskapet	19.04.2024
034/24	Kommunestyret	25.04.2024

### Vedtak - detaljregulering Sæla - Liabø , Hestvika

#### Vedtak i Kommunestyret 25.04.2024:

Sunnfjord kommune vedtek plankart for detaljregulering Sæla - Liabø, Hestvika, datert 02.04.2024 i samsvar med pbl § 12-12.

#### Innstilling frå Formannskapet 19.04.2024:

Sunnfjord kommune vedtek plankart for detaljregulering Sæla - Liabø, Hestvika, datert 02.04.2024 i samsvar med pbl § 12-12.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune vedtek plankart for detaljregulering Sæla - Liabø, Hestvika, datert 02.04.2024 i samsvar med pbl § 12-12.

### Saksutgreiing

Detaljregulering Sæla - Liabø, Hestvika vart vedteke i kommunestyret i møte 21.03.2024. Under utlegging av vedteke plankart vart det oppdaga at føresegnområde mellombels bygg- og anleggsområde har falt ut av plankartet. Føresegnområda er ein naudsynt del for å opparbeide vegen, og må difor vere med i plankartet.

Det mellombelse bygg- og anleggsområdet er med i føresegnene og andre dokument, og saka 21.03.2024 var handsama som om det mellombelse bygg- og anleggsområdet var vist i plankartet. Dette er det som var sagt om området:

"3. Mellombels bygge-/anleggsføremål langs vegen

Reguleringsplanen inkluderer areal på begge sider av vegen for å sikre bygge-/anleggsareal. Innanfor områda regulert til mellombels bygge-/anleggsområde er det ikkje tillate med tiltak som kan vere til hinder for bruk av områda til bygge-/anleggsområde, fram til vegen og gang-/sykkelvegen er ferdigstilt eller i 10 år. Dette påverkar alle eigedomane langs vegstrekninga.

Når vegen er ferdigstilt fell det mellombelse bygge-/anleggsområdet vekk, og dei eldre reguleringsplanane blir gjort gjeldande for desse områda. Føremålet er ikkje lagt på sjølve bygningane langs vegen, slik at ein kan gjennomføre vedlikehaldsstiltak. Forbodet er naudsynt mtp. det framtidige vegarbeidet, men kan bli ei belastning for grunneigarane dersom det tar lang tid før arbeidet kjem i gang dersom dei har større/permanente tiltak dei vil gjennomføre."

Kommunedirektøren tek berre plankartet opp til nytt vedtak då dei andre dokumenta ikkje er påverka av feilen.

Førde, den 02.04.2024

Terje Heggheim  
kommunedirektør

Odd Harry Strømsli  
einingsleiar areal- og byggesak

---

Behandling i folkevalde organ:

**Behandling i Kommunestyret 25.04.2024:**

**Avstemming:**

Formannskapet si innstilling vart **einstemmig vedteke**

**KST-034/24 Vedtak:**

Sunnfjord kommune vedtek plankart for detaljregulering Sæla - Liabø, Hestvika, datert 02.04.2024 i samsvar med pbl § 12-12.

**Behandling i Formannskapet 19.04.2024:**

**Avstemming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

**FORM-060/24 Vedtak:**

Sunnfjord kommune vedtek plankart for detaljregulering Sæla - Liabø, Hestvika, datert 02.04.2024 i samsvar med pbl § 12-12.